

Eidsborg, 16.12.20

# *Utgreiing av den fylkeskommunale rolla i museumssektoren*

## Høyringsvar frå Vest-Telemark Museum

### 1. Innleiing

Vest-Telemark museum er svært positiv til det ryddige og tydelege framlegget til museumsutgreiing. Den er faktabasert og teiknar eit bilete av musea me kjenner oss mykje att i. Dette bør vere eit godt kunnskapsgrunnlag å byggje vidare på, både i høve til utforminga av fylkeskommunen si rolle i høve til musea, politiske val og prioriteringar og avklaring av posisjonen til musea.

Utgreiinga avdekkjer særskild den problematiske rolla fylkeskommunen har i høve til Vestfoldmusea og utfordringane med IKS-modellen som organisering for museumsutvikling og -styring. Vest-Telemark Museum deler dette syn. Prinsippet om armlengdes avstand er viktig for musea, og har også vore høgt på agendaen i innspelsrunden til utgreiinga. Men det er også viktig at musea er styringsdyktige, og kan leggje sine faglege vurderingar til grunn for prioriteringar og drift av sine respektive institusjonar. Kulturpolitiske mål vil musea rette seg etter gjennom dei strategiske satsingar, planverk og prosjektmidlar som dei ulike forvaltningsnivåa kjem med.

Utgreiinga har eit viktig føremål som kunnskapsgrunnlag for vidare politiske val og strategiar. Då er det også viktig at dette kunnskapsgrunnlaget er rett og tydeleg. Me vil difor påpeike særskild tre punkt som bør bli korrigert eller arbeidd meir med. Deretter vil me peike på nokre særskilde behov som utgreiinga bør seie noko om, før me avslutningsvis har nokre konkrete mindre korrigeringar.

### 2. Prinsipielle merknadar

- 2.1. I framstillinga av status og ressursituasjonen til musea ikkje tek omsyn til det faktiske forvaltningsansvaret som musea har. Ein stor mangel med tilskottsfordelinga mellom musea er at ho i liten grad tek utgangspunkt i ei reell og fagleg vurdering av storleiken på dei oppgåver musea har. Det er ei enkel sak å innhente opplysingar frå museumsstatistikken om storleiken på samlingar, antal antikvariske bygningar, areal støttefunksjonsbygg mm. Også meir kvalitative vurderingar av kva historiar av nasjonal og internasjonal verdi som musea forvaltar burde vore med, sjølv om dette er ei noko meir utfordrande øving å vekte mot kvarandre. Poenget er at dei faste driftstilskotta aldri eller i alle fall i liten grad har vore behovsprøva, men baserer seg i stor grad på historiske tildelingar. Det som er viktig for VTM er kva samlingar, bygningsmasse og forteljingar me skal forvalte, og at me er i

stand til å gjere dette på ein berekraftig måte og ut frå kva verdi og potensiale dette har. Det er uinteressant kva innbyggartal det er i vår region, sidan vår oppgåve går langt ut over å berre yte ei teneste for desse. Eit grunnlag utgreiinga bør seie noko om er blant anna den omfattande tilstandsvurderinga som vart gjort av antikvariske bygningar på dei norske musea i 2019. Denne gjev oppdatert og viktig grunnleggande informasjon om status på musea i Vestfold og Telemark, og om korleis me ligg an i høve til resten av landet.

- 2.2. Det vert feil å nytte dei innhenta KOSTRA-tala for å presentere kommunane sitt bidrag til drift og utvikling av musea. Som utgreiinga sjølv påpeikar, er det manglar i dette materialet. Desse manglane er så openbare at det er direkte misvisande å ta dei med. Det vil vere enkelt å framskaffe dei reelle tala i alle fall for dei musea som er med i det nasjonale museumsnettverket. Desse tala bør bli splitta på faste driftsmidlar, utviklingsmidlar/prosjektilskot og eventuelt investering.<sup>1</sup>
- 2.3. Utgreiinga bør vere tydelegare på kva rolle fylkeskommunen skal ha som regional utviklingsaktør vis a vis musea. For oss er det planverk og dei strategiar fylkeskommunen legg opp viktige føringar for korleis me legg opp våre prioriteringar. Dei prosjekt- og investeringsmidlar som fylkeskommunen yter er svært viktige for musea si utvikling og retning. Det er sjølv sagt også viktig at slike prioriteringar er tufta i musea sine behov og potensiale, og sikring av den naudsynte dialogen mellom musea og fylkeskommunen bør vere ein sentral del av avklaringane i utgreiinga.

### 3. Behov

Som spela inn tidlegare er det nokre særskilde behov og utfordringar som musea har. Det ville vore ei føremon om utgreiinga også kunne ha med noko av dette. Me vil difor nytte høvet til å minne om desse, sidan fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for ei løysing og dette skal vere eit kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet. Særskilde utfordringar for VTM er:

- 3.1. Bygningsarven er ein særskild verdi i vår region, men våre ressursar og kapasitet står ikkje i høve til oppgåvene. Dette gjeld både for den antikvariske bygningsmassa som er på musea, og som er vår oppgåve å ta vare på og sikre, men også den betydelege bygningsarven som er i privat eige. VTM har eit ynske og ambisjon om å utvikle dette feltet betre, og ser at me vil kunne spele ei viktig samfunnsrolle og også støtte for kulturminnevernet i fylket. Det er igangsett eit førebels prosjekt på dette, der ein mellom anna skal greie ut høva for eit bygningsvernssenter for Vestfold og Telemark, og det vil vere naudsynt at fylkeskommunen følgjer denne prosessen tett og også førebur etableringa. Dette vil vere viktig kulturarvsarbeid, samtidig som det har ringverknadar for berekraft, kunnskapsutvikling, næringsutvikling og arbeidsplassar.
- 3.2. Investeringsbehovet på musea krev ei langsiktig prioritering og plan. VTM har i ei årrekke påpeika behovet for utstillings- og magasinfasilitetar etter dagens standardar for kunstsamlingane våre. Me forvaltar særskild ei omfattande samling av sentrale norske bilethoggarar, og dette materialet treng både å bli teke betre vare på og har også eit stort unytta formidlingspotensiale. Eit nytt regionalt kunstmuseum på Rauland har lenge vore i støypeskeia, og eit fylkeskommunalt bidrag vil vere viktig i dette prosjektet.

Realiseringa av planane for Telemarksarkivet reknar me vert fell inn under utgreiinga om privatarkivfeltet, og vert difor ikkje kommentert vidare her.

---

1.1. <sup>1</sup> Sjå side 25 figur 6 og påfølgjande tekst side 26.

## 4. Korrigeringar

- 4.1. Side 18, pkt. 4.5: Fyresdal Bygdemuseum. Myklestoga kultursenter er avvikla som stifting og slått saman med Vest-Telemark Museum. Vinjestoga har VTM berre tilsyn og vedlikehald av, formidlingsansvar er overført Vinjesenteret. Vidare har VTM drift og fagleg ansvar for Tannlege Aanund Fellands samlingar og har overtatt samlingane etter stiftinga Solveigs Teiknestift (samlingane etter illustratøren og kunstnaren Solveig Muren Sanden).
- 4.2. Side 21: Me skjønar ikkje kva som vert meint med at staten ikkje har bidrege med statlege midlar i same storleik i Vestfold «da fylket ikke er ansett som distrikt». Dette har etter det me kjenner til aldri vore noko kriterium i museumsreforma, heller ikkje praksis andre stader.
- 4.3. Side 24: dersom ein hadde presentert figuren som kake-diagram ville høvet mellom eigeninntekter og tilskot kome langt tydelegare fram, noko som vel også er noko av føremålet med figuren.
- 4.4. Side 25: det er feil framstilling av NIA sitt inntektsgrunnlag. At 41 % kjem frå sponsorinntekter er ikkje rett, og skuldast anten feil i deira rapportering til departementet eller feil avlesing av statistikken.<sup>2</sup> Dette er stadfest av direktøren for NIA. Figuren slik den føreligg er i utkastet er direkte misvisande, noko som er uheldig for føremålet for utgreiinga.
- 4.5. Side 27: Telemark fylkeskommune har aldri nytta sin plass i representantskapet til Vest-Telemark Museum, og då vedtektene til museet vart revidert vart dette endra. Slik består representantskapet til VTM i dag av ein representant frå alle kommunane og ein frå alle lokalstyra som stifta VTM i 2002.

For Vest-Telemark Museum

Dag Rorgemoen

direktør

*-Handsama av styret for Vest-Telemark Museum 16.desember 2020*

---

<sup>2</sup> Sjå side 25 figur 5.